



**Årleg melding 2020 for  
Sjukehusapoteka Vest HF**

## Innhold

1	Innleiing .....	2
1.1	Generelt – samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2020 .....	2
2	Helsefaglege styringsmål .....	2
2.2	Forskning og innovasjon .....	4
3	Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023 .....	6
3.1	Helsefelleskap og utviklingsplanar .....	6
3.2	IKT utvikling og digitalisering .....	6
3.2.1	Betre journal- og samhandlingsløysingar .....	7
4	Krav og rammer 2020 .....	7
4.1	Beredskap og forsyningstryggleik .....	7
4.2	Styringsinformasjon og analyse .....	8
4.3	Bemanning, leing og organisasjon .....	9
4.3.1	«Inkluderingsdugnad» .....	9
4.3.2	Bruk av lønnsforhandlingsmodulen .....	10
4.3.3	Helseføretaka si handtering av bierverv .....	10
4.3.4	Oppfølging av ForBedringsundersøkinga .....	10
4.3.5	Nasjonal bemanningsmodell .....	10
4.4	Oppfølging av forskrift om leing og kvalitetsforbetring .....	11
4.5	Ansvarleg verksemd og klimarekneskap .....	11
5	Ressursgrunlaget .....	11
6	Økonomiske krav og rammevilkår .....	11
6.1	Økonomiske resultatkrav og endring i driftskredittramma .....	11
6.2	Investeringar og lån .....	12

# 1 Innleiing

## 1.1 Generelt – samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2020

Årleg melding 2020 er ei tilbakemelding på, og vurdering av aktivitetar og tiltak i SAV. Meldinga synleggjer at SAV har vist god utvikling og auka aktivitet innanfor fleire sentrale områder.

Som følge av Covid19 situasjon oppfyller føretaket i 2020 ikkje det økonomiske resultatkravet sett av eigar.

- Resultatkrav var på NOK 7 mill. Prognose 2020: ca. NOK 2 mill.
- Samla økonomisk tap som følge av Covid19 er estimert til ca. NOK 9 mill. for 2020
- SAV har tilfredsstillande likviditetssituasjon
- Investeringsbudsjettet ligg innanfor eigenfinansiering

SAV har arbeidd med fleire utviklingsprosjekt dette året. I stor grad dreiar dette seg om å digitalisera, fornya og forbetra arbeidsprosessar, der både regionale behov og nasjonale prosjekt krev innsats.

## 1.2 Overordna strategi for verksemda – Helse 2035 med tilhøyrande tiltaksplan

I tillegg til sentrale krav har vi og eigne styringsmål knytt til forbetring av kvalitet på tenestene. Styringsdokumentet og Årleg melding må sjåast i samanheng med dette og den vedtekte strategien til SAV: «Strategi for Sjukehusapoteka Vest 2018 – 2023.» Planen er laga med utgangspunkt i Helse Vest strategiplan «Helse 2035».

Oppfølging av SAV sine strategiplanar er operasjonalisert gjennom fagplanar og aksjonsplanar på kvart verksemdsområde. Fagplan forskning, utvikling og innovasjon blei ferdigstilt Q4 2020.

## 2 Helsefaglege styringsmål

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest om å:

- *Bistå helseføretaka med å utarbeide ein modell som sørgjer for god etterleving av innkjøpsavtalar på legemiddel, inngått av Sykehusinnkjøp HF, divisjon legemidler (LIS). Sjukehusapoteka Vest skal samarbeide med helseføretaka om å innføre felles beste praksis for dette arbeidet.*

Sjukehusapoteka Vest arbeider kontinuerleg og bredt med oppfølging av innkjøpsavtalar på legemiddelområdet. Legemiddeløkonomisk rådgjevar i SAV har direkte dialog med fag- og økonomimiljø i helseføretaka. Det har i 2020 mellom anna blitt gjennomført opplæring i bruk av verktøy for legemiddeløkonomi og i tillegg etablert nasjonalt nettverk for vidareutvikling av statistikklysinga SLMK og samordning av legemiddeløkonomiske analysar.

Gevinstrealisering frå innkjøpsavtalar for legemiddel er teke inn i helseføretaka sine økonomiske langtidsplanar, og SAV har gitt bidrag til analysar og måleparameter i dette arbeidet.

Anna oppfølging skjer mellom anna gjennom deltaking i lokale legemiddelkomitear, regionalt legemiddelutval og involvering i spesialistgrupper og anbudsprosessar i LIS-ordninga. Regional LIS-kontakt og lokale LIS-kontaktar ved 3 av 4 sjukehusføretak er tilsett i SAV.

- *Bidra til auka pasienttryggleik og kompetanse i samhandling mellom sjukehusføretak og kommunar gjennom aktive bidrag på legemiddelfeltet. Dette gjeld særleg å identifisere risiko, redusere legemiddelfeil, arbeid med pasientforløpa og tiltak ved skifte av omsorgsnivå.*

SAV arbeider kontinuerleg for trygg og effektiv legemiddelforsyning og bruk av legemiddel. Dette skjer til dømes ved rådgjeving, deltaking i legemiddelkomitear lokalt og regionalt, arbeid med legemiddelanbod lokalt, regionalt og nasjonalt, arbeid med legemiddelberedskap og gjennom utviklingsprosjekt (t.d. KULE og anskaffing av nytt produksjonsstøttesystem for Helse Vest). Innføring av takst for farmasøytisk poliklinikk i ISF-regelverket frå 2021, gjev auka moglegheiter for sjukehusa til å nytte kliniske farmasøytar i pasienttilgang. SAV vil bidra aktivt saman med sjukehusa til å identifisere aktuelle pasientgrupper og beste innføring av teneste.

SAV har godt og tett samarbeid med relevante aktørar i spesialisthelsetenesta, men deltek ikkje i samhandlingsavtalar som sjukehusa har med kommunane. Føretaket sett av betydelege ressursar til arbeid med regionale og nasjonale utviklingsprosjekt.

Føretaket vil halde fram med innsats på dei ulike områda. Ressursane i KULE har i 2020 bidrege både i arbeid med innføring og med utvikling av ny kurveløysing.

I 2021 planlegg SAV eit arbeid med utvikling og pilotering av ein ny farmasøytisk teneste som skal bidra til å sikre overgangen mellom sjukehus og kommunehelsetenesta i samarbeid med Helse Bergen og UiB.

- *Støtte opp om arbeid i helseføretaka for å etablere fagforvaltning for kurdefinisjoner på området kjemoterapi.*

SAV har saman med KULE-prosjektet og fagavdelinga i Helse Vest utarbeidd forslag til mandat for fagforvaltning for kjemoterapi basert på tilsvarande modell i Helse Sør Øst. Styringsgruppe er etablert og strategisk fagforvaltning er under etablering.

I dialog med fagavdelinga i Helse Vest er det og starta forarbeid med å vurdere framtidig modell for fagforvaltning på legemiddelområdet i Helse Vest.

Føretaket har i 2020 arbeida for å styrke forvaltning og vore pådrivar for å finne løysingar for rask utskifting av Cytodose (noverande system).

- *Delta i nasjonal og regional utvikling og førebuing av nye system i forsyningskjeda for legemiddel.*

Regionalt er føretaket involvert i utvikling og tilpassing av nye system for legemiddelkurve (KULE), produksjonsstøtte (PCMS) og økonomi- og lagerstyring ERP/LIBRA).

Nasjonalt deltek SAV i utvikling av ny felles apotekløysing (EIK) og ny reseptur- og butikkdataløysing for spesialisthelsetenesta (RBD). I tillegg blir det etter dialog med helseføretaka i regionen jobba med å førebu felles nasjonal anskaffing av produksjonsutstyr for eindose. Eindoseløysinga skal støtte opp om auka kvalitet og pasienttryggleik i prosessar for legemiddelhandtering i regionen.

## 2.2 Forsking og innovasjon

- *Medverke i forskning og utviklingsarbeid på områda legemiddelbruk og legemiddel-forsyning, både i eiga verksemd og i samarbeid med dei andre helseføretaka.*

I 2020 har to doktorgradsstipendiatar ved Universitetet i Bergen fått forskingsmidlar frå Helse Vest og vore tilknytt SAV gjennom forankringsavtale. To tilsette har disputert for doktorgrad ved Universitetet i Bergen i 2020. Dei aktuelle prosjekta har vore relaterte til kreftbehandling samt bruk av legemiddel og prognose hos personer med demens.

SAV har i 2019-20 arbeidd med pilotering av videokommunikasjonsløysing brukt ved Medisinstartsamtaler i publikumsavdelingane. I tillegg er det i gang arbeid med innovasjons-/såkornprosjekt i samarbeid med helseføretak på områda:

1. Innføring av strukturert legemiddelsamstemming i psykiatrisk akuttmottak (PAM-Helse Bergen).
2. #Minemedisiner; Utpøving av om pasienten sjølv kan starte samstemming i akuttmottak (akuttmottak, Helse Stavanger).
3. Dronetransport av legemiddel

I same periode har ein student i erfaringsbasert master i klinisk farmasi og fire masterstudentar i farmasi arbeidd med prosjekt tilknytt SAV. I tillegg er det publisert fire artiklar der ein eller fleire forfattarar er tilknytt SAV.

- *Samarbeide med sjukehusføretaka i relevante forskings- og utviklingsprosjekt for å sikre gode data på behandlingseffekt av legemiddelbruk og graden av og konsekvensar av uønskte hendingar i legemiddelbehandlinga.*

SAV leverer tenester til kliniske studiar av legemiddel i sjukehusføretaka, både til industri- og utpøvarintiterte studiar. SAV si rolle i studiane er i hovudsak å skaffa legemiddel. Under dette importere, lagre, tilverke og levere ut legemiddel til sjukehuseiningar og pasientar og delta i rapportering til oppdragsgjevarane. SAV har mål om å utvide lisens for tilverking av legemiddel til kliniske utpøvingar i tråd med helseføretaka sine behov.

### Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *Nytte innovative offentlege innkjøp der dette er relevant.*

SAV har nytta tilnærming for innovative offentlege innkjøp i arbeid med leverandøravtalar i prosjektet B180 – Nasjonal legemiddelberedskap og i prosjekt for anskaffing av innan logistikkjeda.

- *Lage rutinar for samarbeid med næringslivet der dette er relevant.*

SAV nyttar Helse Vest og Sykehusinnkjøp sine prosessar for innkjøp, gjennom LIBRA prosessane. Føretaket nyttar normalt tenester frå Vestlandets Innovasjonsselskap, VIS, ved samarbeid med næringslivet i innovasjonsprosessar. Det er nyleg inngått kontrakt med Airlift Solutions på eit innovasjonsprosjekt om bruk av droneteknologi, der SAV er ein av fleire partnerar i Helse Vest. Her er Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane innovasjonspartner.

- *Vere aktive pådrivarar i innovasjonsarbeidet.*

SAV deltek aktivt i regionale innovasjonsfora, søker om innovasjonsmidlar i samarbeid med helseføretaka og har ein klar plan for tilnærming til forskning, innovasjon og utvikling.

- *Nytte idémottaket til å registrere innovasjonsprosjekt.*

Føretaket har ikkje registrert bruk av idemottaket i 2020.

- *Rapportere på indikatorer for innovasjonsaktivitet- og nytte.*

SAV skal rapportere på aktuelle indikatorar via regionalt innovasjonsnettverk i løpet av 2020.

## 3 Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023

### 3.1 Helsefellesskap og utviklingsplanar

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *Støtte opp under sjukehusa sitt arbeid med nasjonal helse- og sykehusplan i problemstillingar som omhandlar legemiddelbruk.*

Legemiddel er ein viktig innsatsfaktor i helsetenesta og SAV bidreg med farmasøytisk rådgjeving i sjukehusa kor farmasøyt inngår i tverrfaglige team. Legemiddelsamstemming er med på å trygge overgang mellom sjukehus og kommunehelsetenesta. SAV driv og deltek i fleire forbetnings- og forskingsprosjekt på området.

Pilotering av pasienten sin legemiddelliste er under planlegging og Bergen vil være arena for første pilot. SAV deltek i arbeidet saman med regionale og nasjonale aktørar. Løysinga vil bidra til samanhengande løysingar på tvers av sjukehus og kommunar. SAV har i mange år vore del av prosjektet som utviklar og innfører elektronisk kurve i regionen, kor ein søkjar å få på plass eit IKT-system som gjer oppgåvene kring legemiddelbehandling enklare å løyse.

I 2020 har Helse Vest og SAV spelt inn behov for endring i ISF-ordninga og frå 2021 vil poliklinikk med klinisk farmasøyt vere omfatta av ordninga. Det gjev rom for at sjukehusa kan nytte farmasøyt meir aktivt i pasienttilgangen og sikre rett legemiddelbruk.

Medisinstart er ei teneste som vert levert frå publikumsavdelingane og skal trygge pasientar som startar bruk av hjertemedisin. I 2020 har bruk av video i tenesta blitt pilotert. SAV leverer medisin til pasientar som vert behandla heime i staden for på sjukehuset, til dømes med antibiotikapumper eller total parenteral ernæring. Eit av apoteka har og ansvar for å følgje opp denne behandlinga ved overgangar mellom sjukehus og heim for dei aktuelle pasientane.

- *Sikre at det er tilgjengeleg farmasøytiske tenester i tråd med behova i helseføretaka.*

SAV leverer tenester til sjukehusa i regionen etter avtalte årsplaner. Nye tenester blir utvikla etter behov. Dei siste åra leverer SAV nye og tilpassa tenester på områda Apotekstyrt tilvirking på sjukehuspost og legemiddeløkonomi og prepoliklinikk.

### 3.2 IKT utvikling og digitalisering

- *vidareføre arbeidet knytt til modernisering av journalsystema*
- *vidareutvikle digital infrastruktur og arbeidet med IKT-sikkerheit*
- *innføre og utvikle nødvendige nasjonale e-helseløysingar og standardar*
- *gjennomføre tiltak for betre kvalitet på og tilgjengelegheit til helsedata*
- *auke samordninga av helseregionene si IKT-utvikling*

SAV deltek i utvikling av ny bransjeløysing for apotek (EIK). EIK er eit digitalt bransjesystem for alle landets apotek der løysinga inneheld apotekjournal med resepthistorikk og anna helsehjelp. EIK er med dette ein felles apotekjournal for alle apotek i Norge og eit felles behandlingsretta helseregister etter pasientjournalloven § 9.

SAV deltek samstundes utvikling av RBD (reseptur -og butikkdatasystem) som eit front-end system som samhandlar med EIK. EIK og RBD skal bidra til å auke pasienttryggleiken og legge til rette for standardisering av prosessar og tenester på tvers av apotek og andre aktørar i helsesektoren. Samstundes vil ny løysing betra personvern og krav til informasjonssikkerheit. SAV deltek i utvikling av styringsmodell og styringssystem for informasjonssikkerhet knytt til EIK og RBD løysinga.

SAV har i 2020 lagt til rette for at det regionale styringssystemet for informasjonssikkerhet skal tilpassast SAV som juridisk eining og har publisert SAV system for informasjonssikkerhet og personvern (<https://styringsdokumenter.sav.no>). Ved innføring av ny bransjeløysing for apotek skal nasjonalt styringssystem innlemmast i styringssystemet for SAV.

### 3.2.1 Betre journal- og samhandlingsløysingar

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *Delta i prosjekt for innføring av produksjonsstøttesystem for legemidler i Helse Vest og samarbeide med KULE-prosjektet om integrasjon mot e-kurveløysing.*

SAV har portefølje- og prosjekteigarskap til prosjektet Produksjonsstøttesystem for legemidler i Helse Vest. Føretaket er tungt involvert i fagleg- og prosessmessig utvikling og innføring av løysinga, samt grensesnitt mot e-kurveløysing.

## 4 Krav og rammer 2020

### 4.1 Beredskap og forsyningstryggleik

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *Følgje opp relevante tiltak frå rapporten Nasjonal legemiddelberedskap og bistå Helsedirektoratet og Statens legemiddelverk i utgreiingar som følgjer av rapporten.*

SAV har prioritert arbeid med legemiddelberedskap i 2020 og arbeidd med tiltak som er direkte eller indirekte oppfølging av tiltak i Helsedirektoratet sin rapport om Nasjonal legemiddelberedskap. Føretaket har fått, og gjennomført oppdrag om etablering av nasjonalt beredskapslager for primær og spesialisthelsetenesta. Vidare deltaking i Legemiddelverket si utgreiing av legemiddelproduksjon i Norge og Helsedirektoratet sitt arbeid med permanent beredskapslager.

- *Følgje opp Helsedirektoratet si nasjonale risiko- og sårbarheitsvurdering for helse- og omsorgssektoren frå 2019, samt andre relevante risiko- og sårbarheitsanalyser.*

Helsedirektoratet sin risiko- og sårbarheitsvurdering er tatt inn i arbeid med felles nasjonal risikovurdering mellom sjukehusapotekføretaka. SAV har så langt ikkje oppdatert sin risikovurdering for legemiddelberedskap frå hausten 2019, men risikovurderingar gjort i prosjektet B180 – Nasjonalt legemiddelberedskapslager, som er leia av SAV, fangar likevel opp godt opp utvikling og endringar i leveringssituasjon.



- *Utvikle nasjonalt samarbeid om legemiddelberedskap saman med dei tre andre sjukehusapotekføretaka.*

SAV deltek i Nasjonal beredskapsadministrasjon for sjukehusapotekføretaka. I 2020 har det mellom anna blitt gjennomført felles risikovurdering, utveksling av erfaringar og malar i samband med Covid19, førebuingar til start av ny grossistavtale G2021 i tillegg til viktig samhandling knytt til organisering av beredskapslager.

- *Delta i planlegging og gjennomføring av Nasjonal helseøving 2020 (øvinga vil ha eit IKT-scenarior).*

Planlegging og gjennomføring av øvinga er gjennomført i regi av Regionalt beredskapsutval. SAV deltek gjennom øving av scenarior i føretaket sitt leiargruppemøte og ved at administrerande direktør deltek i øving i regionalt AD-møte.

- *Vidareutvikle kompetanse og system for sikkerheitsstyringa som følgje av endringar i trusselbildet, spesielt innan IKT-området.*

SAV har implementert regionalt styringssystem for informasjonssikkerheit og personvern som ein integrert del av styring og forvaltning av IKT området og leiinga sin årlege gjennomgang av informasjonssikkerheit. Styringssystem vil bli integrert mot føretaket sitt prosessbaserte elektroniske kvalitets- og verksemdsstyringssystem (SAVvy). Ein vil og arbeida vidare med å auka kompetansen i heile organisasjonen innan IKT tryggleik for å ta vare på pasientsikkerheit og personvern i forvaltning av helsedata og tenestene som inngår i dei digitale verdikjeda.

- *Vidareutvikla beredskapen i tråd med «Nasjonalt beredskapsplan mot utbrudd av alvorlig smittsomme sykdommer», og implementere aktuelle delar av «Handlingsplan for et bedre smittevern».*

Føretaket har i samband med Covid19 situasjonen oppdatert og etablert nødvendig dokumentasjon for m.a. smittevernretningslinjer, smittesporing og kohortinndeling. Det har likevel ikkje vore mogleg å prioritere systematisk gjennomgang og oppdatering av planverk i tråd med dei gitte dokumenta.

- *Følgje opp erfaringar og læringspunkt i evalueringa frå Nasjonal helseøving 2018, samt dei aktuelle tilrådde tiltaka i prosjektrapporten frå helseøvinga.*

Læringspunkt frå Nasjonal helseøving blei tatt inn ved revisjon av beredskapsplanverk hausten 2019 og er elles diskutert og vurdert gjennom regionalt beredskapsutval.

## 4.2 Styringsinformasjon og analyse

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *vidareutvikle og bruke den felles regionale dataplattformen (datavarehus)*
- *ta i bruk regionale verktøy for rapportering, analyser og prediksjon*
- *bidra til å nå måla1 for styringsinformasjon og analyse.*
- *bidra til å utvikle felles datastruktur og regionale styringsverktøy for planlegging av radiologi, operasjonar og prehospitale tenester.*

- *fortløpande ta i bruk nye analysar og verktøy som blir utvikla regionalt på nye område.*

SAV deltek i nasjonalt samarbeid om å gjere tilgjengeleg legemiddelstatistikk for sjukehusa (SLS-samarbeidet). SAV deltek og i utvikling av regionale verktøy for rapportering og har under utvikling versjonar av rapporteringsløysinga tilpassa verksemda i SAV.

### 4.3 Bemanning, leiing og organisasjon

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *nytte ressursane på ein god måte, planleggje med rett person til rett oppgåve til rett tid. Føretaka skal utvikle strategiar og tiltak for riktig bruk av kompetanse og rett oppgåvedeling. I dette arbeidet skal dei bruke kunnskapsgrunnlag frå arbeidsplansystemet og felles analysar i prosjekt «Vel planlagt» og «Samskapt planlegging» til bemanningsplanlegging.*

Ein har utvikla og teke i bruk oppgåve- og vaktkodar i arbeidsplansystemet. Det forenkler og aukar kvalitet på arbeidsplanlegging og rapportering.

Kompetanseutvikling er basert på SAV sine strategiske utfordringar og kundane sine behov. Hovudsatsingsområde i 2019 har vore sal/marknad, produksjon, digitalisering, leiarutvikling og anna. Ein nemner særskild tema som prosjektleiing, legemiddelinnkjøp, beredskap, logistikk, statistikk og kommunikasjon.

- *Registrere eventuelle unntak frå Arbeidsmiljølova.*

Brot på Arbeidsmiljølova sine reglar om arbeidstid har tradisjonelt i hovudsak vore knytt til utrykking på heimevakt og vareteljning. Tal brot har gått ned i 2020 samanlikna med tidlegare år, mellom anna som følge av at vareteljning i publikumsavdelingane noe gjerast innanfor arbeidstida («rullerande» vareteljning).

#### 4.3.1 «Inkluderingsdugnad»

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *Setje i verk eigen plan og etablere rapporteringrutinar knytta til rekrutteringsarbeidet for å nå målsettingane til inkluderingsdugnaden. Det skal rapporterast på arbeidet innan 1. november 2020.*
- *Vurdere å ta i bruk traineeordningar i sitt arbeid for å nå måla i inkluderingsdugnaden.*

SAV er del av det regionale arbeidet. SAV skal etablere samarbeidsavtaler med NAV for arbeidstrening mm. Kriterier frå inkluderingsdugnad er innarbeidd i SAV sine rekrutteringsprosesser.

#### 4.3.2 Bruk av lønnsforhandlingsmodulen

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *Nytte lønnsforhandlingsmodulen i lønnsforhandlingar i alle delar av prosessen, inkludert overføring til lønn.*

Lønnsforhandlingsmodulen er aktivert i SAV og er nytta til simuleringsarbeid for alle dei 3 forbunda SAV forhandlar med.

#### 4.3.3 Helseføretaka si handtering av bierverv

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *Sikre at funna frå Riksrevisjonen blir fulgt opp gjennom system som sikrar tilstrekkeleg kunnskap om og registrering av bierverv.*

Informasjon om reglar for bierverv er del av introduksjon for alle nytilsette. Medarbeidarar i SAV vert oppmoda til å registrere bierverv ein gong per år, ved nyhendesak på intranett. Ein understrekar i nyhendesaka, og i dialog med leiarar, at søknad om bierverv skal registreras i det elektroniske verktøyet.

SAV har gjennomgang av tal registreringar i Biervervsmodulen 2 gonger per år og 1 gong til styret. Tal bierverv er redusert samanlikna med tidlegare år.

#### 4.3.4 Oppfølging av ForBedringsundersøkinga

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *Lage handlingsplanar til «ForBedring» i Synergi og bruke Synergi aktivt for å følgje status og framdrift på identifiserte tiltak*

Ein fekk 85% svar på undersøkinga i 2020, med i all hovudsak gode resultat. Alle einingar har gjennomgått Resultat ForBedring med medarbeidarar og jobbar med oppfølging av tiltak. Forbetring framdriftsplan, resultat og aksjonsplan er handsama i FAMU (Føretaksarbeidsmiljøutvalet), leiarmøte og i samhandlingsmøte. Funksjonen Handlingsplan i Synergi vert tatt i bruk ved første høve etter at den er sett i produksjon.

#### 4.3.5 Nasjonal bemanningsmodell

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *Bruke nasjonal bemanningsmodell for å sikre tilstrekkelig framtidig kompetanse og riktig dimensjonering av utdanningskapasitet.*
- *Bidra med kompetanse og ressursar til å gjennomføre strategisk planlegging av utdanning og kompetanse innanfor valte yrkesgrupper og spesialiteter innan utgangen av 2020 under leiing av Helse Vest RHF.*

SAV har laga analysar av behov for farmasøytar og apotekteknikarar i åra som kjem, og kva faktorar som gjev ulike utviklingsretningar. Analysar viser at SAV må ha stor merksemd på prosessutvikling og oppgåvedeling forutan rekruttering. Innføring av ny teknologi vil og vere ein modererande faktor i høve til framtidig behov.

## **4.4 Oppfølging av forskrift om leiing og kvalitetsforbetring**

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *Rapportere på etterleving av forskrift om leiing og kvalitetsforbetring innan 15. april 2020, mellom anna korleis den årlege gjennomgangen er lagt opp og erfaringar så langt.*

SAV rapporterte etterleving av forskrift i notat til Helse Vest RHF datert 21.4.2020.

## **4.5 Ansvarleg verksemd og klimarekneskap**

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- *Vidareutvikle arbeidet med ansvarleg verksemd og klimarekneskap vidare.*

SAV har oppdatert styrande dokument for miljøstyringssystemet i tråd med utvikling i kontekst og forventingar frå interesseparter. Det blir utarbeidd kvartalsvise statusrapportar for kvalitet og ytre miljø der indikatorar for føretaket sitt miljøavtrykk (tenestereiser og kassasjon av legemiddel) er inkludert.

# **5 Ressursgrunnlaget**

Det finansielle grunnlaget for Sjukehusapoteka Vest HF er basert på eigen prisingsmodell, der Sjukehusapoteka Vest HF fakturerer kundane sine for leverte varer og tenester.

# **6 Økonomiske krav og rammevilkår**

## **6.1 Økonomiske resultatkrav og endring i driftskredittramma**

Sjukehusapoteka Vest har eit resultatkrav på kr 7 mill. Føretaket har lagt opp til eit budsjett i samsvar med resultatkravet og med investeringar godt under tilgjengeleg likviditet.

SAV sitt finansielle grunnlag er basert på at varer og tenester skal fakturerast til kundar der ein eigen prismodell følgjer prisregulering frå SLV og prinsippa for prising av varer og tenester er nedfelt i samarbeidsavtale med sjukehusføretaka.

Resultatprognose totalt for SAV for 2020 viser eit resultat på ca. 2 mill. Dette er 5 mill. under resultatkravet. Samla økonomisk tap som følge av Covid19 er estimert til ca. 9 mill. for 2020, der særleg publikumsutsala har erfart svakare sal ved at sjukehusa i periodar har vore avstengde for kundar. Svakt resultat i publikum er delvis kompensert av aktivitet meir på budsjett innan dei andre verksemdsområda. Samstundes har føretaket god kostnadsstyring med noko lågare personal- og driftskostnader enn føreset i budsjettet.

Likviditetssituasjonen i SAV er tilfredsstillande, og det har vore ein tilstrekkeleg buffer for likviditet gjennom året

## **6.2 Investeringar og lån**

Investeringsbudsjett for 2020 (32 mill. ), CA 20 millionar av dett er realisert i 2020 grunna at nokre av porsjekta har drege ut i tid. Mellom anna er planar for ombygging av apoteklokalar skyvd noko ut i tid i samsvar med planar for dei enkelte sjukehusa. Investeringa ligg godt innanfor det som kan finansierast med egne midlar. Investeringar vert prioriterte ut frå kva som tener drifta av SAV best og som gir høgast meirverdi til sjukehusføretaka.